

Spar sponsar treningsgensarar.

23.08.2016



Stolte og flotte fotballgutar under Trio cup sist helg

Spar Uskedalen er ein svært god støttespelar for lag og organisasjonslivet i bygda. Mellom dei som er svært takksame for det er fotballgruppa. Vi har tidlegare i sommar meldt om nye kampdrakter, og no melder Kjetil Myklebust om at Spar har sponsa nye treningsgensarar som kvar einskild spelar/trenar har bestemt om dei vil ha.

Kjetil Myklebust i fotballgruppa fortel at det er svært fine gensarar som alle har fått namna sine på. Det har Gianni Rebaudo i Metro Reklame ordna. Han har også fått trykt på UIL sin logo. Storleikane på gensarane er fra 116cm til XXL så dei spenner over eit vidt område.

- Det var stor stas for ungane då dei fekk desse gensarane med sitt eige namn på, seier Kjetil Myklebust og held fram.
- Vi i fotballgruppa vil sende ei stor takk til Spar Uskedalen for sponsinga av desse gensarane og fleire sett med drakter som vi har fått gjennom Spar. Dei er alltid positive når vi spør om noko. Vi vil og takka Metro reklame med uskedelingen Gianno Rebaudo som sørga for trykking av namn samt Uskedal IL sin logo på gensarane, avsluttar Kjetil på vegne av fotballgruppa.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Kjetil Myklebust